



Ard Arealplan AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2570 - 16/16116

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

26.08.2016

Avslag - GBNR 1/19 og 1/20 - Søknad om dispensasjon frå krav om områdeplan på Flatøy


Administrativt vedtak. Saknr: 285/2016

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Kristian Samuelsen og Hanna Solberg, representert ved Ard Arealplan, har ved søknad journalført motteke 2.2.2016 (dagsett 27.1.2016), søkt om dispensasjon frå krav om områderegulering i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Formålet med dispensasjonen er å kunne starte arbeidet med utarbeiding av detaljreguleringsplan for areal omfatta av område B_1 på Flatøy til bustadformål.

Tilhøvet mellom areal omfatta av kravet til områdeplan og areal som tiltakshavar ønskjer å regulere er vist gjennom utsnitt av KPA i søknaden (raud stipla linje viser områdeplan, grøn stipla linje viser område for detaljregulering dersom dispensasjon blir gitt):



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden er i ettertid supplert, sist ved epost frå Kristian Samuelsen journalført motteke 10.6.2016 knytt til uttale frå Statens vegvesen, jf nedanfor.

Grunngjevinga for dispensasjonssøknaden:

Ansvarleg søker har i korte trekk grunngitt søknaden slik:

- Tiltakshavar ønskjer å setje i gong privat reguleringsplanarbeid for områda på Futemyren og Solberg, men ikkje eit så omfattande arbeid som ei områdereguleringsplan. Områderegulering er normalt ei kommunal oppgåve.
- Då Meland kommune ikkje har tilstrekkelege ressursar eller konkrete planar om å setje i gang områderegulering, ser tiltakshavar seg nøydt til å søkje om dispensasjon frå kravet om områdeplan. Tiltakshavar eig eit mindre areal av det som ein gong vil utgjere områdeplanen.
- Det aktuelle området vil vere ei fortetting av allereie utbygde bustadområder, i motsetning til områda nord i den framtidige områdeplanen.
- I samband med reguleringsplanarbeidet bil det bli utarbeidd ROS-analyse (risiko- og sårbarhet). Planen vil fastsetje utbyggingsrekkefølge, energiløysingar og trong for veglys.
- Tiltakshavar meiner at dei tema framtidig områdeplan for Flatøy aust skal vurdere og løyse, jf planskildringa punkt 4.6.9, vil vere mindre relevant for reguleringsplanarbeidet tiltakshavar ønskjer å gjennomføre. Og tilsvarande at detaljregulering av område B-1 ikkje vil vere til hinder for dei overordna problemstillingane som må løysast gjennom områdeplanen i framtida.
- Utbyggingsområdet ligg på ei flate med tilhøyrande tilfredsstillande teknisk infrastruktur. Vegsystemet vil ha god breidde og kvalitet. Det er lagt til rette for fiberkabel langs veg. BKK har nyleg oppgradert straumnett i området i samband med tilrettelegging med midtdelar for E39. Det er kommunalt vatn og avlaup fram til barnehagen med god kapasitet. Det er ikkje aktuelt med næringsareal innanfor B_1, som gjennom KPA er satt av til bustad.
- Tiltakshavar ser for seg høg utnytting i samsvar med signal frå kommunen. Legg ein til grunn vurderingar gjort i arealplanen si planskildring punkt 4.1 vil planområdet opna for 50 einingar. Potensialet er då rekna ut frå at 30 % av arealet går med til terrengutbygging, vegar og grønt/fellesareal, medan resterande areal er delt ut i høve til gjennomsnittleg tomtestorleik på 0,5 daa. Det er her lagt til grunn av planområdet B_1 ikkje er nemnd i planføresegnene til arealplanen punkt 1.6.9 som eit område der det skal leggjast til rette for høg utnytting og konsentrert busetnad. Sidan området ligg sentralt i aksen Frekhaug-Flatøy-Knarvik, som i følgje planskildringa er eit tettstads-/byutviklingsområde, kan ei tettare utbygging enn det som er nemnd over bli aktuelt. Dette vil bli vurdert under reguleringsarbeidet.
- 50 bustadeiningar vil statistisk gi 2 barn under 1 år, 8 barn i aldersgruppa 1-5 år, 11 barn i alderen 6-12 år og 5 barn i alderen 13-15 år. Barna som bur i området vil sokne til Sagstad skule. I nærområdet – Midtmarka – er det planar under utarbeiding som ferdig utbygd òg vil innebere mange nye skuleelevar. Områda rundt Frekhaug er allereie i dag under press med prognosar som syner stor elevvekst. Det er nyleg vedtatt at Sagstad skule skal byggast ut. Løysinga for dei andre etablere skulane er ei vidare utbygging av desse, og for utbygginga i Midtmarka er det aktuelt med

etablering av ein heilt ny skule. Meland kommune må uansett utbygging på Flatøy planlegge for større elevvekst i delar av kommunen.

- Gjennom detaljregulering av B_1 vil ein utarbeidde ei heilskapleg plan for tomtedeling med omsyn til felles infrastruktur. Området vil gi tilbod til busetnad med høg utnytting, men der ein likevel tek omsyn til eksisterande utbygging i området når det gjeld høgde og volum.
- B_1 ligg tett ved kollektivknutepunkt, om lag 300 meter unna. Kollektivdekninga er god. Det er i tillegg skulebuss frå eigen haldeplass og det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg til Knarvik og Frekhaug.
- Kommunen sin største arbeidsplass Framo Flatøy AS ligg innanfor 10 minuttars gange frå B_1.

Tiltakshavar meiner at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Kommunen viser til dispensasjonssøknad motteke 2.2.2016 (dagsett 27.1.2016) og opplysningane i saka elles i sin heilskap.

Gjennomgang av nabomerknader og søkjar sine kommentarar til desse:

Søknaden om dispensasjon frå plankravet er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg føre merknader frå ei rekke naboeigedomar, som er negativ til dispensasjon. Merknadene er kommentert av ansvarleg søkjar gjennom skriv journalført motteke 2.2.2016 som vedlegg til dispensasjonssøknaden gjennomgått ovanfor. Både merknader og tiltakshavar sine kommentarar til desse ligg ved saksframlegget.

Hovudtrekka i tilbakemeldingane frå nabovarsla eigedomar kan kort oppsummerast slik:

- Det må ikkje bli gitt dispensasjon for å regulering av gbnr 1/19 og 20 frå landbruk (LNF) til einsegn bustadutvikling. Omfattande bustadbygging på arealet står i direkte motstrid med gjeldande reguleringsplan for Flatøy Aust. Planen er bygd på ein demokratisk og politisk prosess som må respekterast.
- Ei eventuell større utbygging av Flatøy Aust må skje gjennom heilskapleg regulering av heile området. Utbygging bør ikkje gjerast utan sikring av fleire tilkomstvegar inn i området, mellom anna tilkomstveg frå nordsida. Eventuelt med ei framtidig rundkjøring frå E39 ved Hagelsundbrua/blandeverket.
- Ein større utbygging – av eit omfang som skissert i søknaden - vil endre karakteren av arealbruken i dag og gjere situasjonen for eksisterande einsegn bustader ringare. Eksisterande bustader vil kunne hamne i «skuggen» av nye bygg, slik at sol- og utsiktstilhøve blir dårligare.
- Det er ikkje ønskjeleg med trafikkauke på eksisterande vegnett, som allereie i dag er for høg. Trafikkauke vil kunne innebere trafikkfare for mjuke trafikantar og miljølemper som følgje av støy, utslepp og anna forureining.
- Deler av området er brukt som fritidsområde for barn og ungdom i samband med eksisterande skuleplass og barnehage.

- Flatøy er eit knutepunkt i Nordhordland som i framtida vil få både auka innbyggjartal og næringsverksemd. Det er viktig med heilskapleg planlegging for å halde kontroll med utviklinga, mellom anna for at teknisk infrastruktur skal kunne halde tritt med utbygginga.
- Arealplanen i kommunen er vedteke etter ein politisk og demokratisk prosess som bør respekterast. Mangel på ressursar i kommunen er ikkje eit godt argument for å gi dispensasjon frå kravet om områdeplan.
- Det er ikkje tilfredsstillande teknisk infrastruktur til å tåle utbygging av området. Det er riktig at deler av vegen til området blir utbetra i samband med arbeide med E39, men det gjeld ikkje heile vegstrekninga opp til tiltakshavar sitt område. Vegsystemet gjennom planområdet har i dag korkje god standard, tilfredsstillande breidde og kvalitet for vanleg trafikk eller anleggstrafikk som ei utbygging vil innebere.
- Befolkninga på Flatøy bør få vere med på ein prosess med høyring og uttalerett i forkant av områderegulering, og meiner områdeplanen må sjåast i samheng med utviklinga av heile Flatøy.

Hovudtrekka i søkjar sine kommentarar til nabomerknadene kan kort oppsummerast slik:

- Tiltakshavar viser til at mange av merknadene gjeld kor høg utnytting ein skal opne for i området, talet på bueiningar, bygningstypar og tilpassing til eksisterande bustader i området mv. Dette må avklarast nærare gjennom reguleringsplanarbeidet, men kommunen har gitt signal om høg utnytting. Dispensasjon frå områdeplankravet inneber ikkje at det blir opna for eit bestemt tal nye bueiningar.
- Det er vedteke gjennom kommuneplanen at arealet skal nyttast til bustader. Reguleringsplanen vil vere i samsvar med kommuneplanen i høve til arealformål. At området tidlegare har vore regulert og nytta til landbruk kan ikkje tale mot dispensasjon.
- Tilfredsstillande teknisk infrastruktur må sikrast gjennom arbeidet med reguleringsplan og vurderast i samheng med kor høg utnytting reguleringsplanen skal opne for. Tiltakshavar er samd med at utbygging av bustader må gå i takt med teknisk infrastruktur som vegar og vass- og avlaupsanlegg. Dette må sikrast gjennom reguleringsplanarbeidet. Dispensasjon frå kravet om områdeplan vil ikkje medføre at ein mister kontroll med dette. Tvert i mot vil ein områdeplan som ikkje blir behandla/vedtatt kunne innebere redusert kontroll og kvalitet ved framtidig utbygging.
- Trafikktryggleik vil vere ei viktig del av arbeidet med reguleringsplanen. Fortau og overgangsfelt må planleggast i samarbeid med kommunen for å sikre at tryggleiken blir betra og ikkje svekka ved utbygging.
- Ny busetnad må ta omsyn til eksisterande busetnad samstundes som ei fortetting i samsvar med arealplanen vil krevja ei blanding av einebustader og leilegheiter eller hus i rekkje. Det er ikkje tenkt store blokker.
- Sikring av leikeareal for barn og unge vil ein del av arbeidet med reguleringsplanen. Kravet til leikeareal mv vil føra til meir og betre eigna leikeareal.

Høyring:

Saka har vore sendt Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen på høyring, jf høyringsbrev dagsett 1.12.2015.

Fylkeskommunen har gjennom epost til ansvarleg søkjar sendt 1.12.2015 (svar på nabovarsel) opplyst mellom anna følgjande:

«Kravet om områderegulering for dette aktuelle området er sett med tanke på å sjå eit større areal i ein samla plansamanheng, eit grep fylkeskommunen er positive til. Kor vidt eit enkelståande unntak frå felles planlegging vil ha konsekvensar for den heilskaplege planlegginga av området ser vi det som vanskeleg å ta konkret stilling til på det grunnlaget som her er presentert. Først ved offentleg ettersyn vil ein ha grunnlag til å avgjere om planen unødig vil binde opp ein framtidig områderegulering. Her må kommunen sjølv gjere ein heilskapleg vurdering med omsyn til bakgrunnen for kommuneplanen sitt krav om områderegulering.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi gjer merksam på at det omsøkte arealet har potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Ved eventuell oppstart av detaljreguleringsplan vil fylkeskommunen vurdere om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle § 9 i kulturminnelova.

Fylkeskommunen vil på vanlig vis handsame saka dersom kommunen opnar for at planen kan starte opp.»

Tiltakshavar har opplyst at eventuelt krav til arkeologisk registrering vil bli teke omsyn til i reguleringsplanarbeidet, og at alle registrerte funn på Flatøy er gjort nærare sjøen enn arealet som inngår i søknaden.

Statens vegvesen, region vest, har gjennom uttale dagsett 22.12.2015 rådd frå dispensasjon som omsøkt med følgjande grunngjeving:

«Vi viser til høyringsbrev om dispensasjon frå kommuneplanen datert 01.12.2015. Saka gjeld krav om områderegulering for Flatøy aust, område H810_6, jf. føresegn §4.6.9 i kommuneplanens arealdel. Søkjer ønskjer å byggje ut deler av dette området, del av gbnr. 1/19 og gbnr. 1/20.

Føresegn § 4.6.9 om Flatøy aust viser til trong for å sjå grønstruktur, utbyggingsområde, næring og infrastruktur i samanheng i eit pressområde. Statens vegvesen er samd i denne vurderinga, og meiner at det er uheldig om det største utbyggingsområdet vert trekt ut og vurdert isolert. Ein utbygging som skissert i søknaden vil belaste fylkesvegnettet ved dagens kollektivterminal på Flatøy og kryss med E39. Det må vurderast om vegsystemet er dimensjonert for denne og eventuelle andre tiltak i området. Av den grunn ser vi det som uheldig om ein tillater utbygging utan ein heilskapleg vurdering av området og vegnettet på Flatøy.

Statens vegvesen rår ifrå at det vert gitt dispensasjon frå krav om områdereguleringsplan for område H810_6, Flatøy aust. Vi ber om å få tilsendt vedtak frå kommunen, for å vurdere klage.»

Ard Arealplan har som kommentar til uttalen frå Statens vegvesen opplyst at talet på bueiningar som blei lagt til grunn i utkastet til søknad, som var på høyring, er redusert i føreliggjande søknad frå 150 til 50. Søkjar meiner at utbygging i dette omfang ikkje innebere vesentleg belastning av fylkesvegnettet ved kollektivterminalen på Flatøy og kryss ved E39. Dette er likevel tilhøve som det må takast omsyn til i samband med reguleringsarbeidet.

Tiltakshavar har – på bakgrunn av at Statens vegvesen i ettertid har fått dispensasjon frå kravet til områdeplan (sone H810_2 Flatøy) for utarbeiding av detaljreguleringsplan for nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy – kontakta vegvesenet og oppmoda til at dei endrar sitt standpunkt og trekk tilbake rådet om å ikkje gi dispensasjon. Statens vegvesen har gjennom epost sendt 6.7.2016 oppretthalde frårådinga med tilvising til at sjølv om arbeidet med reguleringsplan for kollektivknutepunktet på Flatøy er starta, er løysinga ikkje planavklart og trafikksituasjonen langs fylkesvegen og i krysset med E39 framleis gjeldande.

VURDERING:

Plan- og lovgrunnlag:

Område B_1 i KPA var tidlegare omfatta av Reguleringsplan for Flatøy sør/aust (arealplanid 125619971015). I denne reguleringsplanen var arealet vist som jordbruksareal. Gjennom vedtaking av ny KPA, som går føre nemnde reguleringsplan, jf føresegn 1.1. til KPA, blei arealformålet for området endra til framtidig byggeområde for bustader med områdenamn B_1.

B_1 ligg i sone for felles planlegging *H810_6 Flatøy aust* i kommuneplanen sin arealdel (KPA). I følgje kommuneplanens føresegn 4.5 skal det utarbeidast ein heilskapleg områdereguleringsplan på Flatøy aust. Før slik plan ligg føre kan det ikkje gjerast tiltak i området, jf. KPA føresegn 1.2.2.

Ettersom kommuneplanen er bindande for nye tiltak etter pbl § 1-6, jf. pbl § 11-6 første ledd, må det vurderast om det kan gis unntak (dispensasjon) frå krav om områdeplan før utarbeiding av detaljreguleringsplan, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Dispensasjon – Vilkår og vurdering:

Dispensasjon med heimel i Plan- og bygningsloven (pbl) kapittel 19 føreset at korkje omsyna bak føresegna det blir dispensert frå eller omsyna bak lova si formålsføresegn blir sett vesentleg til side, jf. pbl §§ 19-2 og 1-1. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere «*klart større enn ulempene*» etter ei samla vurdering.

Det vil normalt ikkje vere høve til å gi dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke jf. Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) s.242. Det følgjer vidare av pbl § 19-2, 4. ledd at kommunen ikkje bør gi dispensasjon frå «*planar, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8*» dersom sektorstyresmaktene har rådd i frå å gi dispensasjon.

Føreliggjande søknad er vurdert opp mot dei omsyn som ligg bak kravet om områdeplan og dei generelle omsyna som er framheva i føremålsføresegna i pbl. § 1-1, samt pårekelege fordelar og ulemper ved å gi dispensasjon i denne konkrete saka.

Sentralt i administrasjonen si vurdering har vore:

- Omsyna bak kravet om områdeplan i gjeldande kommuneplan
- Omsyna til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv, m.a. naturmangfaldlova §§ 8-12
- Påreknelege fordelar og ulemper som følgje av at dispensasjon blir gitt

Planlegging etter plan- og bygningslova er eit politisk styringsverktøy som skal fremje ønsket samfunnsutvikling innanfor eit avgrensa område med berekraftig utvikling som overordna mål, jf formålsføresegna til pbl § 1-1:

«Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løysningar, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives».

I planskildringa til KPA punkt 4.6.9 er følgjande uttalt om områdeplankravet i omsynssone H810_6:

«Det skal utarbeidast ein områdeplan på Flatøy der ein ser grønstruktur, utbyggingsområde, næring og infrastruktur i samanheng i eit pressområde.»

Planskildringa er ikkje juridisk bindande, men har likevel betydning ved vurdering av om omsyna bak regelen det blir søkt om dispensasjon frå blir sett vesentleg til side, jf nedanfor.

Problemstillinga i saka er om omsyna bak områdeplankravet vil bli vesentleg sett til side dersom område B-1 blir utvikla gjennom reguleringsplan utan at det ligg føre områdeplan.

Kommuneplanprosessen avdekkja at det var mange omsyn å ta på Flatøy og det var mange innspel til utbyggingsområde på Flatøy aust (i tillegg til utbygging av Midtmarka/Rotemyra). Det var særleg område nær Rotemyra ein i planprosessen såg behov for å sjå i ein større plansamheng. Når det gjaldt planlagd bustadområde B_1, er det eit område som ikkje lenger framstår eigna som landbruksareal og dette blei difor teke inn i KPA som bustadområde. Det er eit inneklemt restareal der det òg har vore mange søknader om dispensasjon frå LNF for bustadbygging. Område B_1 eignar seg til fortetting av eksisterande busetnad.

Det er for tida under utarbeiding områdeplan på Midtmarka/Rotemyra. Vidare blir det arbeid med kommunedelplan for E39 (i regi av Statens vegvesen). Kommunen har vidare søkt om midlar til å gjennomføre «mobilitetsstudie» for å sikre framtidretta og berekraftige løysingar på Flatøy. Dette står i samanheng med Statens vegvesen sitt arbeid med ny reguleringsplan for kollektivknutepunkt på Flatøy.

Gjennom særleg områdeplanen for Midtmarka/Rotemyra og kommunedelplan for E39, må det gjerast til dels utfordrande og framtidretta val for vegnettet på Flatøy. Dette gjeld mellom anna spørsmålet om det skal utviklast lokalvegnett og/eller gang-/sykkelvegnett over Flatøy aust frå kollektivterminalen på Flatøy til det planlagde utviklingsområdet på Midtmarka/Rotemyra med tilknytning til eksisterande Hagelsundbru. Dette er eit arbeid som vil kunne bli aktuelt å vurdere i samband med framtidig områderegulering innanfor sone H810_6 (òg arbeidet med kommunedelplan E39), og gjennom dette få betydning for mellom anna arealbruken innanfor område B_1. Framleis står det att viktige val i høve til trafikkavvikling på Flatøy som vil bli meir avklart etter kvart som desse planprosessane går fram.

Administrasjonen meiner at dersom dispensasjon blir gitt, vil nemnde problemstillingar kunne påverke arbeidet med reguleringsplan for område B_1. Administrasjonen er difor av den oppfatning at det ikkje vil vere rett å starte detaljregulering av område B_1 isolert, utan at desse viktige vala er gjort.

Statens vegvesen har dertil rådd frå dispensasjon. Kommunen bør normalt følgje eit slikt råd frå sektorstyresmaktene dersom det er tufta på ei konkret og sakleg vurdering, jf pbl § 19-1. Vegvesenet har grunnleggjande sitt råd med at sjølv om arbeidet med reguleringsplan for kollektivknutepunktet på Flatøy er starta, er løysinga ikkje planavklart og trafikksituasjonen langs fylkesvegen og i krysset med E39 framleis gjeldande. Det ville kunne vere ei moglegheit å ta inn rekkefølgjekrav i ein reguleringsplan for område B_1 knytt til utbetring av kollektivknutepunktet på Flatøy. Dette framstår likevel som ein dårlegare løysing for kommunen enn å vente med regulering til utviklinga av framtidretta trafikkløysingar er avklart og ein har meir kunnskap om når desse løysingane er på plass. Det er lite hensiktsmessig å vedta ein reguleringsplan som ikkje kan gjennomførast på ubestemt tid på grunn av tyngande rekkefølgjekrav knytt til infrastruktur.

Etter ei samla vurdering finn administrasjonen finn at omsyna bak kravet om områdeplan blir sett vesentleg til side ved dispensasjon som omsøkt. Fordelane ved å gi dispensasjon vil heller ikkje vere «klart større» enn ulempene, jf pbl § 19-2.

VEDTAK:

«Meland kommune avslår i medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf § 11-6 (rettsverknad av kommuneplan) søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel sitt krav om områdeplan (H810_6, Flatøy aust) for område B_1 på Flatøy. For grunngeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

På grunn av lang behandlingstid i kommunen er det ikkje høve for kommunen å krevje gebyr for handsaminga av dispensasjonssøknaden, jf pbl § 21-7, jf Byggesaksforskriften (SAK10) § 7-6.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ard Arealplan as

Bebuarar på Flatøy v/Tore

Moldekleiv

Flatøy Bygdelag v/Birthe Ann Larsen

Henrik Flatøy

Tonny A. Dale

Vibecke S. og Kim Samuelsen

Flatøyvegen 43

Hjelten 40

Solberget 7

Flatøyvegen 60

5918

5918

5918

5918

FREKHAUG

FREKHAUG

FREKHAUG

FREKHAUG